



# Den kulturelle skulesekken Rogaland



Å VERA KULTURKONTAKT I ROGALAND

September 2017

**Den kulturelle skulesekken (DKS)** er ei nasjonal satsing som skal bidra til at alle skuleelevar i Noreg får møta profesjonell kunst og kultur av alle slag. Ordninga er forankra i Stortingsmelding nr. 8 (2007 – 2008) *Kulturell skulesekk for framtida* og får føringar gjennom årlege tildelingsbrev frå Kulturtanken til kommunar og fylkeskommunar.

Måla for Den kulturelle skulesekken skal vera

- å medverka til at elevar i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod
- å leggja til rette for at elevar i skulen lettare skal få tilgang til, gjera seg kjende med og utvikla forståing for kunst- og kulturuttrykk av alle slag
- å medverka til å utvikla ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål.

Kulturtilboda skal vera av høg kvalitet og visa heile breidda av kulturuttrykk

- scenekunst
- visuell kunst
- musikk
- film
- litteratur
- kulturarv

Meir om DKS – inkludert Stortingsmelding og tildelingsbrev frå Kulturtanken kan de finna på nettsidene våre [www.skolesekken-rogaland.no](http://www.skolesekken-rogaland.no) under Planer og For kommuner.

I den same menyen finn de For skoler. Her legg vi stoff som vi meiner er av interesse for kulturkontaktane.

Det er fylkeskommunane som har ansvaret for at DKS vert gjennomført i samsvar med føringane og som administrerer tilboda. For skuleåret 2017/2018 skal om lag 10 millionar kroner brukast til grunnskulen i Rogaland fylke. 35% vert fordelt til kommunane til lokale DKS-tiltak. Direktekommunane Karmøy og Stavanger får tildelingane direkte.

Skuleåret 2017/2018 er det siste året for skulekonsertordninga. Det vil seia at kvar elev i grunnskulen får to skulekonsertar og ein annan produksjon gjennom fylkeskommunen. I tillegg kjem dei produksjonane som kommunane sjølv organiserer.

Frå skuleåret 2018/2019 vert det framleis musikk i programmet til DKS, men ikkje i form av skulekonsertar.



## Kulturkontakten – ansvar og oppgaver

- Halda seg orientert på [www.skolesekken-rogaland.no](http://www.skolesekken-rogaland.no)

Kulturkontaktens kanskje viktigaste oppgave er å halda seg orientert om kva for produksjonar som kjem til skulen. Informasjon om dette ligg på nettsidene våre. Gå inn på Velg skole/barnehage og sjekk turnéplanen for skulen din. Turnéplanen for neste skuleår vert publisert 1. juni. Her vil og faktaark og lærarrettleiing bli lagt ut.

- **Faktainformasjon**

Under den enkelte produksjonen står informasjon om lengd på produksjonen, kva utøvarane treng av lokale, tid for opp- og nedrigg m m.

Kunstnarane/kulturformidlarane i DKS har kontraktfesta at dei skal kontakta skulen på førehand. Då skal de og avtala kva tid (eksakt) framsyninga skal starta.

I turnéplanen opererer vi med ”runde tider”. Sjekk og om talet på elevar er rett.

**Det er viktig då at telefonnummer og e-postadresse til kulturkontakten som står i turnéplanen er rett – og at det er rett kulturkontakt!**

Viss utøvarane ikkje kontaktar skulane slik dei skal, vil vi gjerne vita om det.



- **Turnéplanen**

Turnéplanen ligg på nett frå 1. juni. Det kan skje endringar i turnéplanen i løpet av året. Det kan vera skular som ønskjer å byta tidspunkt, utøvarar som vert sjuke eller andre årsaker. Då får skulen beskjed av turnéleggjarane i DKS Rogaland.

Det er likevel smart å sjekka med nettversjonen at alt stemmer.

Utøvarane og skulane har ikkje høve til å gjera større endringar i planane, som t d flytting eller avlysing av besøk, utan å kontakta DKS Rogaland på førehand.

- **Lærarrettleiing**

Ein del av produksjonane krev for- og etterarbeid – slik det står i lærarrettleiingane/konsertinformasjonen. Kulturkontakten må sjå til at dei aktuelle lærarane veit om dette i god tid. Desse kan skrivast ut frå nett og delast ut.

Forarbeidet kan vera at elevane lærer ein spesiell song eller kjenner ei historie.

I lærarrettleiingane finst ofte også framlegg til etterarbeid. Det er skulen/lærarane som avgjer om dei vil bruka desse tipsa, men dei kan vera inspirasjon til å bruka kunstopplevinga som utgangspunkt i andre fag.



- **Skulen som arrangør**

Kulturkontakten har ansvaret for at gjestande kulturformidlarar og kunstnarar vert tekne imot på ein god måte og at lokale og det tekniske er i orden. Det er også viktig for utøvarane at lokalet er oppvarma på førehand.

Alle utøvarane som turnerer på vegner av Den kulturelle skulesekken, får diettpengar av DKS Rogaland, men det er alltid velkomment å bli invitert på ein kopp kaffi på lærarrommet.

Det er heller ikkje alle plassar i Rogaland det finst ein kantine eller kafé i nærleiken av skulen, og der utøvarane er lenge på skulen, vil dei setja stor pris på om de har eit rundstykke, litt frukt mm. Men skulen har ikkje ansvar for å servera skikkeleg lunsj.

Utøvarane treng ein garderobe og ofte treng dei hjelp til å bera inn utstyr og hjelp til å finna fram til/på skulen. Det er god praksis å ta imot utøvarane på parkeringsplassen og ønskja dei velkomen!

Det er også god skikk å introdusera utøvarane framfor publikum.



- **Elevar som arrangørar**

Fleire og fleire skular har elevar som arrangørar/elevvertar. DKS Rogaland tilbyr kommunar å kursa elevane og kulturkontaktane deira i arrangørrolla. Meir info om det finst på nettsidene våre.

Elevane lærer å organisera mottak og gjennomføring av besøk:

- Informasjon på førehand
- Lokale og teknisk
- Ønskja velkomen/vertskapsrolla
- Berekjelp
- Konferansier
- Kaffe/vatn/frukt
- Garderobe

Dette er noko utøvarare set stor pris på – og som framsyninga vil bera preg av!

- **Lærarar som publikumsførebilete**

For at elevane skal læra seg å bli gode publikummarar, er det viktig at lærarane viser veg. Det er god skikk å sitja saman med elevane og visa at de set pris på besøket – ikkje å fungera som vakter.

- **Haldningsskapande arbeid**

For at skulen skal fungera som ein god arena for kunst og kultur er det naudsynt at heile personalet ved skulen – inkludert leiinga – har ei bevisst haldning. Det handlar om korleis ein kan innlemma kunst og kultur i skulekvardagen og om korleis dei enkelte lærarane er gode førebilete når kunstnarar gjester skulen. Ta initiativ til å få bruka av skulens fellestid/planleggingsdagar til ein diskusjon!

- **Tilbakemelding til DKS Rogaland**

Vi som arbeider med produksjonar til skulane, vil gjerne vita korleis desse vert mottekne av elevane. Vi er glade for tips til forbetringar. Det hender og at informasjonen i våre databaser anten er for gamle eller inneheld feil – om elevtal, fridagar, kontaktpersonar, telefonnummer mm. Send oss ein e-post! Adresse og telefonnummer finn de på nettsida vår under [Kontakt oss.](#)

DKS Rogaland har no utarbeidd eit digitalt skjema for tilbakemelding på produksjonane våre. For å gje tilbakemelding, må ein gå inn på <https://response.questback.com/rogalandfylkeskommune/tilbakemeldingskolesekken>

Spørsmåla er retta mot både elevar og lærarar og fungerer også på alle mobile einingar.

## KONTAKT OSS

### **Gudrun Karina Arntsen**

Film & litteratur

E-post: [Gudrun.karina.arntsen@rogfk.no](mailto:Gudrun.karina.arntsen@rogfk.no)

Telefon: 51 51 68 52

### **Elin Hetland**

Turnélegging & kulturarv

E-post: [elin.hetland@rogfk.no](mailto:elin.hetland@rogfk.no)

Telefon: 51 51 68 79/992 68 657

### **Gine Heien**

Musikk & scenekunst

E-post: [gine.heien@rogfk.no](mailto:gine.heien@rogfk.no)

Telefon: 51 51 69 67/404 52 734

### **Anne Kristin Høiland**

Turnélegging & visuell kunst

E-post: [anne.kristin.hoiland@rogfk.no](mailto:anne.kristin.hoiland@rogfk.no)

Telefon: 51 51 68 64/480 08 838

### **Kurt Lisø**

Musikk, scenekunst & UKM

E-post: [kurt.liso@rogfk.no](mailto:kurt.liso@rogfk.no)

Telefon: 51 51 68 61/928 87 812

### **Egil Ovesen**

Musikk & scenekunst

E-post: [egil.ovesen@rogfk.no](mailto:egil.ovesen@rogfk.no)

Telefon: 51 51 68 86

### **Anne-Kristin Sæther**

Fagkoordinator

E-post:

Telefon: 51 51 68 27



ROGALAND  
FYLKESKOMMUNE

